

Tabell B-fk

Overgangsordninga. Fylkeskommunane

Overgangsordninga er innretta slik at fylkeskommunar som fekk ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av endringane i inntektssystemet i 2015, fekk att 4/5 av tapet gjennom ordninga i år 1. Tilsvarande fekk fylkeskommunar som tente på endringane i inntektssystemet berre realisert 1/5 av auken det første året. Fylkeskommunar med negativt utslag får att 2/5 av tapet i overgangsordninga i 2017, mens fylkeskommunar som vinn på fordelingsverknadene får redusert auken med 2/5.

I 2015 blei midlar til ferjeavløysingsprosjekt som fylkeskommunane overtok frå staten i samband med forvaltningsreforma i 2010 lagt inn i utgiftsutjamninga. Dette førte til omfordeling frå fylkeskommunar som hadde ferjeavløysingsprosjekt til andre fylkeskommunar, sjølv om store delar av omfordelinga blei fanga opp av mellom anna overgangsordninga og tapskompensasjonen. I 2016 blei ferjeavløysingsmidlane igjen lagt i tabell C. For å unngå at fylkeskommunane med ferjeavløysingsprosjekt blei dobbeltkompensert, blei overgangsordninga utrekna på nytt i 2016, basert på dei nye føresetnadene.

Kolonne 1 – Fordelingsverknad med fullt utslag, korrigert utrekning 2016 (1000 kr)

Kolonne 1 viser fordelingsverknadene av nytt inntektssystem med fullt utslag. Kolonnen viser fullt utslag i 2015, dersom ferjeavløysingsmidlane ikkje hadde blitt trekte ut av tabell C i 2015.

Kolonne 2 – Fordelingsverknad med fullt utslag, korrigert utrekning 2016 (kr per innb.)

Kolonne 2 viser fordelingsverknadene av nytt inntektssystem med fullt utslag. Kolonnen viser fullt utslag i 2015, dersom ferjeavløysingsmidlane ikkje hadde blitt trekte ut av tabell C i 2015. Vist i kroner per innbyggjar.

Kolonne 3 – Overgangsordninga 2017

Kolonne 3 viser overgangsordninga for 2017. Beløpet er 2/5 av fordelingsverknaden med fullt utslag i kolonne 1, med motsett forteikn. Prisjustert til 2017-kroner.